

Felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene

Føremålet med eigarstrategien

Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune fastset kva som er fylkeskommunen sitt føremål med å eige arbeidsmarknadsbedrifter på eit overordna nivå. Vidare fastset eigarskapsmeldinga fylkeskommunen sin generelle eigarskapspolitikk – fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring og fylkeskommunen sine forventningar til selskapa, m.a. til at selskapa skal ta samfunnsansvar.

Med eigarstrategien ønskjer fylkeskommunen å utdjupe kva som er føremålet med å eige arbeidsmarknadsbedriftene. Vidare vil strategien bli brukt til å stille spesifikke forventningar og krav overfor arbeidsmarknadsbedriftene, m.a. til korleis bedriftene skal jobbe og til korleis selskapa legg til rette for å involvere eigar/ane i styringa av selskapet.

Eigarstrategien er felles for arbeidsmarknadsbedriftene. Fylkeskommunen planlegg også å utarbeide enkeltvise eigarstrategiar for dei ulike bedriftene i samarbeid med dei andre eigarane.

Eigarstrategien er meint å vere eit dynamisk styringsdokument, som skal reviderast ved behov. Strategien vil gjelde så lenge fylkeskommunen har eigarskap i arbeidsmarknadsbedrifter.

Om fylkeskommunen sitt eigarskap i arbeidsmarknadsbedrifter

Fylkeskommunen er per 1.7.22 eigar eller medeigar i følgjande åtte arbeidsmarknadsbedrifter: Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, Movia Holding AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS og Sogneprodukt AS.

Bedriftene er spreidde utover fylket slik:



Fylkeskommunen sin eigardel i bedriftene¹ er som følger:

Selskap	Eigardel i prosent	Eigardel i kroner
Beredt AS	100	100 000
Gløde AS	7,09	11841
Hardanger AKS AS	40,2	113 000
Movia Holding AS²	11,5	325 500
Kveik AS	23,3	648 905
Opero Holding AS	16,6	290 000
Origod AS	23,9	271 789
Sogneprodukt AS	20	150 000

Andre eigarar er typisk kommunar, men kan også vere t.d. Norges Handikapforbund, privat næringsliv, sparebankar og enkeltpersonar. Meir informasjon om dette er tilgjengeleg i fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

Vestland fylkeskommune har overteke eigarskapa frå tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Eigarskapa går fleire år attende i tid, og motivasjonen for å gå inn på eigarsida i desse selskapa er at fylkeskommunane har sett på selskapa som gjennomføringsorgan for politiske målsetjingar om samfunnsmessig verdiskaping.

Det er i dag forskriftsfesta at bedrifter som arrangerer visse arbeidsretta tiltak for Arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV), *skal* vere organisert som eit AS med kommunal/fylkeskommunal aksjemajoritet, jf. forskrift om arbeidsmarknadstiltak (tiltaksforskrifta) §§ 13-6 og 14-5.

At fylkeskommunane har eigarskap i akkurat desse åtte bedriftene, kan forklarast med bedriftene sine geografiske arbeidsområde³. Gjennom eigarskapa i dei åtte bedriftene er VLFK i dag med på å sikre tilgang på denne typen tenester i heile fylket.

Generelt om arbeidsmarknadsbedrifter

Arbeidsmarknadsbedriftene si kjerneverksemd («*primærverksemd*») er å levere *arbeidsmarknadstiltak*. Det er NAV som er oppdrags- og tilskotsgeivar for tiltaka, og som godkjenner og fører kontroll med tiltaksarrangørane.

Arbeidsmarknadstiltak er tiltak som styrkar tiltaksdeltakaren sine moglegheiter til å få eller halde på arbeid, jf. tiltaksforskrifta § 1-1. Tiltaka kan vere praktiske, t.d. arbeidstrening, rettleiing og råd, funksjonsassistanse og opplæring, eller dei kan gå ut på å gje økonomiske bidrag i form av mellombels eller varig lønstilskot til arbeidsgjevar. Deltaking i tiltak bør, etter forskrifta § 1-3, vere nødvendig og føremålstenleg for at deltakaren skal skaffe seg arbeid eller halde på inntektsgjevande arbeid.

Som tiltaksarrangørar må bedriftene rette seg etter vilkåra i m.a. tiltaksforskrifta. Forskrifta, som er heimla i arbeidsmarknadslova og arbeidsmiljølova, inneheld m.a. vilkår for deltaking i tiltaka, omfang og krav til tiltaksarrangør.

For å bli godkjent som tiltaksarrangør av tiltaka Arbeidsførebuande trening (AFT) og Varig tilrettelagt arbeid (VTA), må attføring eller varig tilrettelagt arbeid vere bedrifta si primærverksemd (for tiltaket VTA er det gjort unntak frå dette kravet for enkeltplassar i ordinære verksemd). I tillegg er det m.a. krav om at overskot skal vere attende i verksemda og at selskapet er organisert slik at ein unngår risiko for kryssubsidiering. Verksemda skal i utgangspunktet vere organisert som eit AS med kommunal/fylkeskommunal aksjemajoritet. For desse tiltaka får tiltaksarrangørane

¹ Fleire av selskapa har- eller er i ferd med å omorganisere seg til konsern, for å stette krav frå NAV om eit skilje mellom arbeidsmarknadsverksemda og anna verksemd

² Tidlegare In via AS og Mona vekst AS.

³ Nokre av kompetansenestene bedriftene no tilbyr vil kunne vere geografiauavhengige

statlege tilskot i form av ein fast månadleg sats per godkjent tiltaksplass. Tiltaket Varig tilrettelagt arbeid rettar seg mot deltakarar som samstundes mottek uføretrygd.

Når det gjeld andre arbeidsmarknadstiltak, deltek arbeidsmarknadsbedriftene i anbodskonkurransar på lik linje med andre aktørar. Regjeringa har også føreslege å legge AFT-tiltaket ut på anbud, noko bedriftene og bransjeorganisasjonane er negative til.

Arbeidsmarknadskompetansen gjer bedriftene eigna til å yte tilgrensande tenester, t.d. HR-tenester, kurs, karriererettleiing o.l., til/for andre, både offentlege og private aktørar. Dette kan t.d. vere arbeidsretta kurs tilpassa framandspråklege, eller «interesseutforskingskurs» til elevar i VGS.

Dei av arbeidsmarknadsbedriftene som er godkjent som lærebedrift, yter fagopplæring/gjev praksis til lærlingar/lærekandidatar/praksisbrevkandidatar.

Arbeidsmarknadsbedriftene driv elles ulike typar forretningsverksemd («sekundærverksemd»), som tiltaksdeltakarane og lærlingar m.m. får læring, trening, praksis og/eller arbeid i. Døme på slik sekundærverksemd er bilverkstad, catering, barnehage, vaktmestartenester, logistikktenester, kafé, digitale tenester, produksjon av møblar eller utstyr, utleige av eigedom/lokale osb.

Kort om dei ulike bedriftene

Dei ulike bedriftene sitt vedtektsfesta føremål går fram av selskapsomtalen i eigarskapsmeldinga. Felles for alle er at dei har som føremål å yte arbeidsmarknadstiltak. Ingen av bedriftene har til føremål å gje eigarane utbyte, og eit eventuelt overskot vert verande i bedrifta. Fleire av bedriftene samarbeider med kvarandre.

Beredt AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: bilverkstad, kantinedrift, catering, utleige av kurs- og selskapslokale, logistikk/transport og møbel- og redesign. Selskapet tilbyr også HR-tenester til arbeidsgjevarar og søker Kompetanse Norge om midlar til Kompetansepluss-kurs på vegner av samarbeidande bedrifter.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Kantinedrift og karriererettleiing (for Karriere Vestland).

Fylkeskommunale tilskot: BIO-midlar.

Gløde AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT (inkludert «AFT Grønt Arbeid» på gard) og VTA.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Interne arbeidsområde innan frukt og produksjon, lager og logistikk (inkludert «Gløde Data»), kontor og administrasjon og gjenbruk. Tilbyr gåvekassar, lunsj på hjul, catering, arrangering av minnestund, utleige av selskapslokale, «Glødepluggar» og ved, «Hjartebeinken» og ulike gåveartiklar t.d. trevarer, kunstprodukt i glas og filleryer.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift i lærefaga møbelsnekkarfaget, kokkefaget, institusjonskokkefaget, logistikkfaget og kontor- og administrasjon.

Hardanger AKS AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT, VTA, Avklaring, m.fl.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Jobbfrukt, vaskeri/reenseritenester, ved, tremøblar, kafé og catering, makuleringstenester og opptenningsrullar.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift innan trevare- og byggdriftarfaget, produksjonsteknikkfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget.

Movia Holding AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT, VTA, ARR (arbeidsretta rehabilitering), Intro og språkkurs.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: montering av elektriske leidningar og kapping/fresing og montering av aluminium for industrien og lokalt næringsliv. Lagar t.d. lage kasser til emballasje, utemøblar, postkassestativ, blindrammer, senger, kommodar, foringar, hobbyplater og blomsterkasser for næringsliv og privatpersonar.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Karriererettleiing (i samarbeid med Beredt AS).

Kveik AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT (inkludert AFT-prosjektet Grønt Arbeid på gard) og VTA. Underleverandør for tiltaka Avklaring og ARR (Arbeidsretta rehabilitering). Voss herad kjøper også nokre kommunale plassar.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Catering, jobbfrukt, ved, treproduksjon, montering og demontering.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Karriererettleiing (i samarbeid med Beredt AS).

Opero Holding AS (konsern):

Tiltaksarrangør overfor NAV: Avklaring, AFT, ARR (Arbeidsretta rehabilitering), Oppfølging av sjukemeldte og oppfølging av innvandrarar.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Produksjon av stål- og aluminiumsprodukt til industri, havbruk, anlegg, miljø og avfallshandtering og privatkundar, catering og møtemat og barnehageverksemd. Arbeidstrening innan mekanisk, kantine og catering, kontor og IKT og barnehage.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Karriererettleiing (i samarbeid med Beredt AS).

Origod AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT, VTA og ARR (Arbeidsretta rehabilitering). Tilbyr også ulike andre kurs overfor NAV.

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Produksjon: mekaniske varer og tenester, transport- og logistikktjenester, lagringstenester, renovasjon, bunkringstenester for Statoil, anleggsgartneratenester og vedlikehold av eigedom. Ulike kurs til næringslivet. Driftar senteret Havglytt, med m.a. kafé, selskapslokale og arbeidsstove.

Relasjon til fylkeskommunen som opplæringsansvarleg: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Karriererettleiing (i samarbeid med Beredt AS).

Sogneprodukt AS:

Tiltaksarrangør overfor NAV: AFT, VTA (i tillegg fire personar med rein kommunal avtale) og ARR (arbeidsretta rehabilitering). Bedrifta har også levert «Reinholdskurs med rettleia praksis for arbeidssøkjjarar med innvandrarbakgrunn» (anbudsutsett teneste).

Produkt/tenester/intern arbeidsarena: Tilbyr det meste innan mekanisk produksjon, stål og aluminium, tradisjonelle husflidsprodukt, jobb- og skulefrukt, ved, omtrekking av møblar, treproduksjon (hagemøblar), ulike kurs og kreative kommunikasjonstenester.

Vidaregåande fagopplæring: Er godkjent lærebedrift.

Kontraktsrelasjon (noverande/tidlegare) til fylkeskommunen elles: Karriererettleiing (i samarbeid med Beredt AS). Bedrifta har også delteke i det treårige prosjektet «Kreativ kommunikasjon» saman med Sogndal VGS/fylkeskommunen og Sogndal kommune. Prosjektet retta seg mot personar som treng ekstra tilrettelegging og har sitt interessefelt innan digital kommunikasjon, skal få ein attraktiv arbeidsplass. Oppdrag vart innhenta frå både private og offentlege aktørar. Prosjektet er no over i driftsfase som ei eiga avdeling i bedrifta. Tilbodet medfører at deltakarane har ein viss fleksibilitet når det gjeld «kontor plass».

Fylkeskommunen sitt føremål med å eige arbeidsmarknadsbedrifter

I fylkeskommunen si eigarskapsmelding er det fastsett at fylkeskommunen kan delta i selskap som har ansvar for å legge til rette for særlege grupper, som del av føremålet samfunns- og næringsutvikling. Eigarskapen i arbeidsmarknadsbedriftene fell innanfor denne føremåls kategorien.

Fylkeskommunen sin motivasjon for å eige i arbeidsmarknadsbedriftene er, som nemnt innleiingsvis, å støtte opp om og bruke bedriftene som gjennomføringsorgan for politiske målsetjingar om samfunnsutvikling og verdiskaping.

Meir konkret skal selskapa vere reiskap for å hindre og motverke utanforskap i samfunnet, ved å:

- bidra til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og/eller får føremålstenlege kvalifikasjonar gjennom anna opplæring eller kursing
- bidra til at personar som står utanfor arbeidslivet får hjelp til å kome inn i eller attende til ordinært eller tilrettelagt arbeid

Gjennom dette arbeidet skal selskapa bidra til å stette arbeids- og næringslivet sine behov i regionane gjennom å bidra til kvalifisering i tråd med nemnde behov.

Vidare vil selskapa bidra til ein føremålstenleg bruk av offentlege midlar ved å gje fleire høve til å skaffe seg utdanning og inntektsgjevande arbeid.

Det nemnde arbeidet inngår i ein større samanheng med samarbeid mellom ulike samfunnsaktørar, slik som NAV, fylkeskommunar, kommunar og norsk næringsliv. Norsk næringsliv (ved NHO) har t.d. jobba for inkluderande rekruttering med metodikken «Ringer i Vannet», med arbeidsmarknadsbedrifter som samarbeidspartar, og no samarbeidsprosjektet «Vi inkluderer» mellom NHO, NAV og andre arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar.

Også fylkeskommunar og kommunar vil som arbeidsgjevar legge til rette for inkluderande rekruttering, og vil elles kunne ha høve til å gje arbeidsmarknadsbedriftene arbeid gjennom kjøp av produkt og tenester. Frå eit innkjøpsperspektiv er dette allereie tenkt på og det går fram av vedtekne hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune punkt sju, vedtekne i FT-sak 14/2020, at Vestland fylkeskommune skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp, og vidare i tredje kulepunkt at:

«Vestland fylkeskommune skal bruke innkjøpsmakta si til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg».

Kvifor kommunar og fylkeskommunar

Selskapa utfører viktige samfunnsoppgåver, og det er nærliggjande at det er offentlege aktørar, som tek samfunnsansvar og som kan bidra med økonomisk tryggleik og stabilitet, som står som eigarar.

At fylkeskommunen tek ansvar ved å eige i desse bedriftene, kan knytast opp mot fylkeskommunen sitt samfunnsansvar på fylkesnivå, både i tilknytning til næringsutvikling, opplæring, integrering, inkludering og folkehelse.

Fylkeskommunen sitt eigarskap kan også sjåast i samanheng med mål i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Planen byggjer på berekraftsmåla til FN. Særleg aktuelle i denne samanhengen er:



Utviklingsplanen for Vestland tek m.a. utgangspunkt i fire nasjonalt framheva utfordringar: å skape eit berekraftig velferdssamfunn, å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m.a. ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning, å skape eit sosialt berekraftig samfunn og å skape eit trygt samfunn for alle. Nærmare bestemte utfordringar for Vestland er m.a. at delen unge med berre grunnskuleutdanning er aukande i fylket, og at det derfor er viktig med betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning. Fylket står i dag overfor store utfordringar knytt til å trygge sysselsetting, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader og forebygge utanforskap.

Relevante mål og strategiar i utviklingsplanen er:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

1.3 Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

Om strategien: Vestland skal arbeide for gode levekår og livskvalitet for alle innbyggjarar. Inkludering, deltaking, meistring og trivsel er viktige faktorar for opplevd livskvalitet. I Vestland skal innsats rettast mot desse måla, med dei verkemiddel som er tilgjengelege. Eit inkluderande og variert arbeidsliv med plass til alle er ein viktig faktor i denne samanheng. Dette legg til rette for auka sysselsetting gjennom å forebygge sjukefråvær og fråfall.

4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

Om strategien: Viktige arenaer for deltaking er barnehage, skule og utdanning, arbeid og fritidstilbod. Høg sysselsettingsgrad er viktig for å redusere sosial ulikskap, og inngangen til arbeidslivet vert ofte sikra gjennom deltaking på andre arenaer. Vi veit at utanforskap og einsemd gir tapt livskvalitet, auka risiko for fysisk og psykisk sjukdom og tidleg død. Høg kvalitet i arenaer for deltaking og låge tersklar for å bli med – særskilt i oppveksten – fremjar sunne og aktive liv og robuste innbyggjarar som kan bidra i utvikling av sine lokalsamfunn. Eit hovudprinsipp i berekraftmåla er at ingen skal utelatast. For å nå dette målet må vi ha spesielt fokus på sårbare grupper og sette inn eit breitt verkemiddelapparat på tvers av sektorar. Vestland skal ha eit spesielt fokus på sårbarheit, livsomstilling og utanforskap. Inkludering bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional og kommunal planlegging og verksemd.

4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Om strategien: Kompetanse og kunnskap er nøkkelfaktorar for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet. Eit breitt og inkluderande opplæringstilbod styrker deltakinga i samfunnet

Fylkeskommunal involvering i arbeidsmarknadbedriftene medfører ein moglegheit til å sjå heile fylket sitt behov for arbeidsmarknadstenester under eitt, og til å påverke bedriftene si utvikling i samarbeid med kommunar og andre typar eigarar, slik at ein er med på å sikre eit føremålstenleg tenestetilbod i heile fylket.

Fylkeskommunal eigarskap vil vere føremålstenleg så lenge det finst eit behov for slike tenester, sett både frå eit individperspektiv og eit næringslivsperspektiv. For fylkeskommunen er det likevel ei målsetjing at bedriftene har ei sterk lokal forankring gjennom eigarskap i primærkommunen/ane. Det er ikkje eit mål for fylkeskommunen å ha aksjemajoritet.

Når det gjeld bedrifter som utfører tiltaka arbeidsførebuande trening (AFT) og varig tilrettelagt arbeid (VTA), er det i utgangspunktet eit krav i forskrift om arbeidsmarknadstiltak (tiltaksforskrifta), at verksemda er organisert som eit aksjeselskap med kommunal/-fylkeskommunal aksjemajoritet.

Korleis selskapa kan og bør arbeide føremålsretta

Arbeidsmarknadstenester overfor NAV og andre

Arbeidsmarknadsbedriftene si kjerneverksemd er å vere tiltaksleverandør overfor NAV, t.d. av tiltaka arbeidsførebuande trening (AFT) og varig tilrettelagt arbeid (VTA). NAV har m.a. som mål at minst 50 % av tiltaksdeltakarane i AFT skal gå vidare til utdanning eller arbeid.

1. Fylkeskommunen forventar at selskapa innrettar verksemda si i tråd med NAV sine mål, behov, gjeldande krav og forventningar. I tillegg forventar fylkeskommunen at selskapa utarbeider konkrete *målsetjingar* for kor raskt ein arbeidstakar i t.d. AFT skal kome attende i ordinært arbeid.

Selskapa sit på verdifull arbeidsmarknadskompetanse som gjer dei eigna til å også yte t.d. karriererettleiing, halde kurs osv., og:

2. Fylkeskommunen oppmodar selskapa om å nytte kompetansen sin for å stette behov for slike tenester hjå ulike aktørar, så lenge dette ikkje går ut over eller er i strid med vilkår stilt i tilknytning til leveransar overfor NAV.
3. For fylkeskommunen er det viktig at arbeidsmarknadsbedriftene har oppdatert arbeidsmarknadskompetanse til ei kvar tid, for å på best mogleg vis kunne kople behova i arbeidslivet med den enkelte sine interesser, preferansar og evner.

«Opplæringstenester» overfor fylkeskommunen

I tillegg til å vere eigar av arbeidsmarknadsbedrifter kan fylkeskommunen ha kontraktsrelasjon med fleire av dei nemnde bedriftene om «opplæringstenester» for t.d. læringar og lære kandidatatar i bedrift og elevar som har behov for ein alternativ og likeverdig opplæringsarena.

1) Fylkeskommunen oppmodar arbeidsmarknadsbedriftene om å:

- a) innrette seg for å kunne bidra til kvalifisering og auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, for å stette arbeids- og næringslivet sine behov i regionane
- b) forplikte seg overfor fylkeskommunen til å samarbeide om ei heilskapleg opplæring av lærlingar og lære kandidatatar med særskilte tilretteleggingsbehov med mål om å sikre at opplæring i skule og bedrift skal vere likeverdige opplæringsarenaer. Eit ideelt utdanningsløp vil kunne vere to år i skule etterfølgd av to år i bedrift.
- c) innrette seg for å kunne vere ein arena for utprøving av alternative opplæringsmodellar for elevar, lære kandidatatar og lærlingar, med mål om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Det er viktig å presisere at dette er oppmodingar frå fylkeskommunen som eigar av arbeidsmarknadsbedriftene, utforma ut frå identifiserte opplæringsbehov i samfunnet. Det konkrete samarbeidet må avtalast mellom bedriftene og fylkeskommunen som opplæringsansvarleg, og vil måtte inngåast i tråd med det ansvaret og dei føringane fylkeskommunen har gjennom opplæringslova og anna relevant regelverk, og ut frå arbeidsmarknadsbedriftene sine konkrete føresetnader og moglegheiter.

Sal av tenester og/eller produkt til både offentlege og private

1. Fylkeskommunen forventar at selskapa tilbyr konkurransedyktige tenester og produkt, på ein slik måte at tenesteytinga/produksjonen samstundes fremjar selskapa si primærverksemd.
2. Fylkeskommunen forventar at selskapa følgjer med på behovsutviklinga i samfunnet og
 - a) er fleksible og vågar å tenke nytt
 - b) gjer tenestene meir tilgjengelege og attraktive for alle brukarar
 - c) jobbar for å tilpasse seg den digitale utviklinga i samfunnet

Fylkeskommunen sine forventningar til måten arbeidsmarknadsbedriftene vert drivne på

Eigarskapsmeldinga inneheld forventningar fylkeskommunen har til selskapa generelt, og vidare kva prinsipp fylkeskommunen legg til grunn for eigarstyringa.

Selskapsleiinga skal m.a. sjå til:

- at selskapet til ei kvar tid vert drive i samsvar med gjeldande regelverk, styringsdokument vedtekne av eigarane slik som vedtekter og eigarstrategi, og i tråd med selskapsleiinga sine egne vedtak og rutinar. Dokumenta skal reviderast ved behov
- at selskapsdrifta er forsvarleg og effektiv, i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, og at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast

- at selskapa bidreg til fylkeskommunen si målsetjing om å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp, og elles driv i tråd med fylkeskommunen sine forventningar til samfunnsansvar, miljø, berekraft og etikk, slik dette er skildra m.a. i fylkeskommunen si eigarskapsmelding. Fylkeskommunen forventar m.a. at selskapa sluttar seg til KS sitt styrevervregister, og sørger for at styremedlemene er registrerte der.

Styret skal:

- utarbeide planar/strategiar, inkludert plan for styrearbeid, både kortsiktige og langsiktige, som seier noko om korleis selskapet skal oppnå føremålet og mål selskapet har sett seg
- sørge for å halde seg oppdatert og tileigne seg nødvendig kompetanse gjennom t.d. kursing/seminar ved behov
- sjå til klar arbeidsfordeling mellom styret og dagleg leiar ved å ha oppdaterte instruksar
- sørge for at nødvendige skriftlege arbeidsrutinar er på plass
- sørge for at arbeidet vert dokumentert
- sørge for ein årleg gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområde
- sørge for årleg eigenevaluering og evaluering av dagleg leiing, og for at det vert gjennomført endringar/opplæring ved behov

Ved gjennomføring av styreval er det tilrådeleg at selskapet nyttar seg av ein valkomité som skal arbeide for:

- ei føremålstenleg styresamansetjing som dekker behovet for ulike typar kompetanse og variasjon når det gjeld både alder og kjønn.
- dokumenterte valprosessar med skriftleg grunngjeving av det einskilde kandidatforslaget

Selskapet bør vedtektsfeste ordninga med valkomité, og vedta eigen instruks eller retningslinjer for komiteen.

Selskapet bør også vurdere om numeriske varamedlemmer vil vere ei føremålstenleg ordning for å sikre kontinuitet i styrearbeidet.

Kommunikasjonen mellom selskapa og fylkeskommunen som eigar

Fylkeskommunen ønskjer å vere ein aktiv, ansvarleg og føreseieleg eigar.

Fylkeskommunen vil utøve eigarskapen gjennom generalforsamlingane, og elles i tråd med aksjelovgjevinga.

I tillegg til dei rapporteringskrava som er fastsett i regelverket, årsrekneskap og evt. årsmelding, ønskjer fylkeskommunen at selskapet kallar inn til eigarmøte ein gong kvart år. Tema i desse møta kan vere m.a. selskapa sine resultat, gjennomførte kontrollar/revisjonar, økonomi, marknadssituasjonen, framtidsutsikter og forventningar til fylkeskommunen som eigar. Selskapa kan i tillegg informere direkte i fylkeskommunen sitt eigarskapsorgan, fylkesutvalet, etter nærmare avtale.

Der fylkeskommunen er eigar av morselskapet i eit konsern, ønskjer fylkeskommunen at det vert rapportert om verksemda i dotterselskapa på same måte som når fylkeskommunen hadde direkte eigarskap i selskapet som driv primærverksemda.

For fylkeskommunen er det viktig at alle møtedatoar vert varsla i så god tid som råd, og helst to-tre månader før møtet. Dersom selskapet planlegg vedtektsendringar eller vesentlege endringar, er det sameleis viktig at fylkeskommunen får varsel nokre månader i førevegen, slik at fylkeskommunen sitt eigarskapsorgan får høve til å ta stilling til saka før avgjerda skal takast i generalforsamlinga.